

KOME TIL DEG I



Sogn og Fjordane finst ikkje

av Anne Viken

Berre tanken på å menge seg med kultukjerringane før det til å gå kaldt nedover ryggen på ei rekke mannlege forfattarar. Faren er at eg endar opp som ei sjølv.

Her for nokre år sidan var eg sommarvikar i Firda. Det var Førdefestival og steikande sol. Eg vandra omkring i gatene då ei som eg vil definere om kultukjerring kom bort for å slå av ein prat. Ho spotta mitt store kamera og fortalte om at no kom, for første gong, slike videoinstallasjonar til Førde. Det var kunst. Om eg hadde hørt om slike? Eg vart paff. Såg eg ut som ein tomsing?

Sjølv sagt hadde eg det. Ein går knapt ein meter blant Oslos kunstgalleri før ein støyter på ein videoinstallasjon.

Haugevis av fjøsar. Eg har ein viss ide om kva som finst av kultur i Sogn og Fjordane. Teateret rullar og går. Det er greitt. Kinoen også. Det er flott. Så har du ein haug med lokalrevyar som kultursynsar Reite elskar over alt på jord. Mi einaste erfaring med lokalrevyar er når eg sjølv blir parodiert til det ugenkjennelege.

Ein gong vanka eg på Sunnfjordske krimdagar. Det var kjekt. Her på berget har vi ingen store krimforfattarar (ja, eg kjenner til Rune Timberlid) men kan heldigvis låne Gunnar Staalesen sidan han titt og ofte legg handlingane sine til Sunnfjord. Elles pussar vi opp ei masse fjøsar som skal trekke til seg turistar. Etterpå bles fjøsane ned i julestormen, særlig krimfjøsen.

Ufarleg og apolitisk. I tillegg bur her ei masse kunstnarar ute på Dalsåsen som vi sjeldan høyrer frå med mindre vi oppsøker dei. Så har vi Transplant i Dale, eg antar det er kultur, fullfinansiert av Innovasjon

Norge og diverse lokale goodwill-aktørar. Av og til treff Grand Prix-feberen fylket og får oss til å tru at vi dermed har sett Sogn og Fjordane på kartet.

Per idag kan vi slå fast at Tone Damlie er fylkets fremste kulturaktør, i allfall den mest tydelege. I mellomtida satsar ein på idrett fordi det gjer oss kjende, om ein ugenkjennelege i mengda av alle andre som også satsar på idrett. Idrett og friluftsliv er den nye motmakta, eller usynlighetskappa som har senka seg over vårt distrikt. Satsar alle på det same, er det i allfall ingen som provoserer og vi framstår alle like ufarlege og apolitiske. Kanskje nokon vågar flytte hit?

Framtidsfylket framstiller Sogn og Fjordane som ein upolitisk, rosa puddersnøeldorado og ja, det er i grunnen det. Sogn og Fjordane er ufarlege, rosa og upolitiske. Vi hopper gjerne i høyet og vinn ei masse med reiselivsprisar medan vegane rasar på fjorden og Åmot gard kostar i veg til New York for å hente nok ein pris. Etterpå blir dei to Åmot-gutta parodiert som monsterhomser på Bygstadrevyen. Det vert kalt for lokal humor og bidreg til lokalt samhald og inntekter for revygruppa.

Slår ned på såkalla elitekultur. Jakob Sande er død for lenge sidan og ingen har teke hans plass. Georg Arnestad er fylkets fremste intellektuelle eksportvare. Folk blir rasande når teatersjef Terje Lyngstad i sin nesten usynlege Nationen-spalte påpeiker at teater ikke er så kult på bygda. Då rasar Firda på leiarplass og skriv at Terje Lyngstad er ein slyngel og provokatør som kan pakke seg til Oslo der han høyrer heime med stormannsfaktene sine. Eg forstår meg ikke på lokaljournalistikk og har ikke tenkt å forbetre meg på feltet. Det er komplett umogeleg å forstå den mindre verdskjensla som dundra ut frå Firdas leiarspalte den gong då mot Lyngstad, men slik utøver ein det mediale bygdedyret til glede for alle som hatar elitekultur. Den satt, gitt. Smokk bang.

Kvífor omtaler Firda så og sei aldri boker? Kvífor

intervjuar dei ungar når dei skal omtale eit teaterstykke? Og kvífor kallar Selja seg for eit forlag når dei er eit trykkeri? Eg skjønner ingenting. Det er berre å tilstå. Åra i hovudstaden har øydelagt mi forståing av lokal kultur og lokaljournalistikk og gjort meg til ein arrogant betrevitar som heller les engelsk enn norsk, meiner motmakt er ein bad joke og elles tar meg til rette og meiner småskala landbruk er ein merkevarabøff. Det har gått til helvete, rett og slett, med lokalpatriotismen min. Kva skal ein eigentleg skrive om kultur i Sogn og Fjordane frå eit såkalla utsidesperspektiv? Kulturen her er jo meint, og presentert, for innsida. Utanom turismen då, som er mynta på turistar. Eg ramar mellom alle stolar målgruppemesig, men nei, det er ikkje synd på meg.

Fjell, fjording, fjord. Og sidan eg sjølv ikkje har hundre prosent oversikt over fylket, og heller ikkje har orka skaffe meg det for å skrive denne spalten, sjekk eg ut med min krets på det sosiale mediet Twitter. Eg stilte spørsmålet: Kva assosierer du med Sogn og Fjordane? Svara var som forventa. Lat meg kort oppsummere, etterpå skal vi analysere det i vilden sky, eventuelt la det tale for seg sidan ein analyse blir for plasskrevjande. Skråstrekan markerer at det er ulike avsendarar bak statementa:
fjorder, fjording nynorsk/ Fjord, fjell, god plass/ fjord, fjell, lerum, tone, fotball/ fjellras og varme sommermånader, /) /Fagre fjell og grønne lær. Og en underlig plassering av flyplasser/ Språket, tonefallet, roen/ Jacob sande/ kall meg miljøskadd, men: nynorsk ... Og lokalavisar som heiter noko med "Firda", postkortlandskap, sjukehusnedlegging, nattbuss/ "kronglat" folk og landskap. egentlig både positiv og negativt ladet .. verdinøytral (?) :-/ fjord/ @Rotevatn/ ubegripelige dialekter, sau og et litt for nært forhold til husdyr/ Bonder, flatfjell, ferjer, fogderistrid, fint om sommaren, ingen unnar naboen noko som helst.. /

Ingen unner naboen noko som helst, seier ein her. Han bur her så han veit vel kva han snakkar om. Eg tenker på fogdestriden som visstnok har blitt nedtona siste åra. Florø, Førde, Sogndal og Måløy og god veit kva, som kranglar og bråkar. Så når vi diskuterer kultur, kan vi i grunn like greitt gå inn for ei oppløsing av Sogn og Fjordane. Vi har aldri vore eit fylke og kjem aldri til å bli det. Her er for mange fjell, fjordar og kronglete vegar over alt. Geografen ligg i vegen for samhandling og samkvem. Eine kjenner ikkje hin, og her i Sunnfjord forstår vi knapt kva som blir sagt i Sogn. Nordfjord veit eg ingenting om. Likevel blir ein påtvinga samhandling, og sjå kor det går. No er til og med fjordhesten i ferd med å bli utrydda på tiande året.

Finst ikkje. Fylket er det vi kan omtale som eit imaginært samfunn. Det eksisterer kun i kraft av tale og retorikk. Vi har blitt påprakka at vi alle tilhøyrer Sogn og Fjordane, det har vi fått inn med morsmelka, men Sogn og Fjordane eksisterer ikkje og har aldri eksistert som anna enn ein metafor for eit geografisk definert område. Sogn og Fjordane er i allfall ikkje ein del av Vestlandet, og eg vil også påstå det kan diskuterast kor vidt Vestlandet eksisterer i det heile. Sogn og Fjordane avvik kraftig frå vekstmotoren Bergensregionen, og vi har sakka etter dei gjerrige mørtingane. Jæren er eit anna land.

Her ligg ein i strid om det meste, og ingen utanom dei som sjølv bur der veit skilnaden på Førde, Florø og kva det måtte vere. Giske har heilt rett. Satse på litt småskala reiseliv hist og pist er inga løysing. Folk blir forvirra, snøblinde, merkevarelurte opp i stry.

Men så var det denne kulturen. Eg veit ikkje meir eg kan sei om den enn det som alt er sagt. Og slik held det på. Å etter år. Sogn og Fjordane finst ikkje, likevel driv dei på.

Sogn og Fjordane does not exist

Anne Viken

The very thought of mingling with 'culture grannies'¹ gives certain male writers goose bumps. The danger is that you might end up like one yourself.

A few years ago I had a summer job at the local paper Firda. It was during the Førde Music Festival under a broiling sun. I was strolling about the streets when someone I will define as a 'culture grannie' came up to me to exchange a few words. She had spotted my large camera and wanted to tell me that those video installations were coming to Førde for the first time. It was art. Had I heard of them? I was dumbfounded. Did I look like an idiot?

Of course I had. You cannot walk one metre in Oslo's art galleries without bumping into a video installation.

Loads of cow barns. I have a certain amount of knowledge about the type of culture that exists in Sogn og Fjordane. The theatre continues on its own momentum. That's fine. The cinema as well. That's great. Then you have a heap of local vaudeville revues, the kind that cultural pundit Reite is crazy about. My only experience with local vaudeville revues is when myself am parodied beyond all recognition.

I once hung out at the crime fiction festival in Sunnfjord. That was cool. In our parts we don't have any great crime writer (yes, I've heard of Rune Timberlid), but fortunately we can borrow Gunnar Staalesen since the stories in his books are very often set in Sunnfjord. Otherwise we renovate a lot of cow barns that are supposed to attract tourists. Afterward the cow barns are destroyed in Christmas storms, especially the cow barns you read about in crime fiction.

Harmless and apolitical. In addition we have a whole bunch of artists living out at Dale Nordic Artist Centre, whom we never hear from unless we contact them ourselves. Then we have "Transplant" in Dale – I assume it has something to do with culture – funded by Innovation Norway and several local goodwill sponsors. Once in a while a Eurovision Song Contest fever strikes the county, which makes us think that Sogn og Fjordane has been put on the map.

As of today we can claim Tone Damlie as the county's leading cultural advocate, the most visible anyway. In the meantime we invest in sports because it makes us visible, though hard to recognise in the midst of all the others who invest in sports. Sports and outdoor activities is the new expression of opposition, or a case of the emperor's new clothes, if you will, that has settled over our district. If everyone invests in the same thing, then at least no one stands out as a provocateur and we all appear harmless and apolitical. Perhaps someone will dare to settle here?

The "county of the future", Sogn og Fjordane, presents itself as apolitical, rosy, and an Eldorado for fresh powder enthusiasts and, yes, that's pretty much true. Sogn og Fjordane is harmless, rosy and apolitical. We love to jump in the hay and we win lots of tourist prizes, while the roads scramble across the fjord and Åmot farm dashes over to New York to receive another prize. Afterwards, the two Åmot boys are parodied as monster gays in the Bygstad Revue. It's what you call local humour and contributes to a feeling of community and brings in revenues for the vaudeville troop.

Crack down on so-called elite culture. Jakob Sande died a long time ago and no one has come along to replace him. Georg Arnestad is the county's leading intellectual export item. People were enraged when theatre director Terje Lyngstad pointed out in his virtually invisible column in the Nation that theatre in the provinces was not so cool. The local paper Firda responded by writing a scathing editorial and calling Terje Lyngstad a scoundrel and provocateur who should pack off to Oslo where he belonged with all of his pompous mannerisms. I just don't understand local journalism, and I have no intention of improving myself in that area either. It is absolutely impossible to fathom the unleashed inferiority complex that thundered out of Firda's editorial against Lyngstad, but that is how the provincial media performs for the enjoyment of everyone who hates elite culture. Take that! Crack, bang!

Why does Firda virtually never review books? Why do they interview children when they review plays? And why does Selja call itself a publishing house when it is a printer? I don't understand anything. I must confess. My years in the capital have ruined

my understanding of local culture and local journalism and has turned me into an arrogant know-it-all who would rather read English than Norwegian, who believes opposition is a bad joke and who otherwise takes liberties and claims that small-scale farming is a branding bluff. My local patriotism has quite simply gone to the dogs. What can one actually write about culture in Sogn og Fjordane from a so-called outsider's point of view? The culture here is intended for, and presented to, insiders. Excluding tourism, that is, which is intended for tourists. I fall in between the chairs when it comes to the target groups, but no, I am not to be pitied.

Mountains, Norwegian fjord horses and fjords. And since I do not have one hundred per cent knowledge of the county, and have not made the effort to acquire it in order to write this column, I checked it out with my acquaintances on Twitter. I posed the following question: What do you associate with Sogn og Fjordane? The response was as expected. Let me sum it up briefly, then we can analyse it to our hearts content, or let it speak for itself, since an analysis would take up too much space. The slashes indicate that there are different writers behind the statements:

fjords, Norwegian fjord horses, nynorsk/ Fjords, mountains, lots of spaced fjords, mountains, Lerum factory, tonality, football/ avalanche and warm summer months ;/ Beautiful mountains and green hillsides. And weird locations for airports/Language, intonation, tranquillity/ Jacob Sande/ call me environmentally damaged, but: nynorsk ... And local newspapers that have something with "Firda" in their names, picture postcard landscapes, closing down of hospitals, night buses/ "argumentative" people and landscapes. actually intended in both a positive and negative sense .. non-religious () ;-/ fjord/ @Rotevatn/ incomprehensible dialects, sheep and an excessively close relationship to domestic animals./ Farmers, getting stone drunk, vacations, conflicts between local communities, nice in the summer, no one wishes their neighbour any good fortune whatsoever.. /

No one wishes their neighbour any good fortune whatsoever, says one. He lives here, so he must know what he is talking about. I think about the conflicts between local communities, which have apparently been toned down in recent years. Florø, Førde, Sogndal and Måløy, and god knows who, arguing and

causing a ruckus. So when we discuss culture, we might as well dissolve Sogn og Fjordane as a county. We have never been a county and never will be. There are too many mountains, fjords and twisting roads here. Geography is an obstacle for collaboration and coming together. No one knows anyone else, and here in Sunnfjord we can barely understand what people in Sogn are saying. I know nothing about Nordfjord. But one is forced to collaborate, and see where it leads. Even the Norwegian fjord horses are in danger of becoming extinct for the tenth year in a row.

Doesn't exist. The county is what we can call an imaginary society. It exists only by virtue of speech and rhetoric. We have been indoctrinated to believe that we all belong to Sogn og Fjordane from the time we were infants, but Sogn og Fjordane does not exist and has never existed as anything other than a metaphor for a geographically defined territory. Sogn og Fjordane is not a part of Vestlandet, in any case, and I would even claim that one could question whether Vestlandet exists at all. Sogn og Fjordane has remained unaffected by the economic growth of the Bergen district, and we have also lagged behind the penny-pinching inhabitants of Møre. Not to mention that Jæren is a country of its own.

One is in conflict about pretty much everything here, and no one knows the difference between Førde, Florø, or whatever, besides those who live there. The Minister of Trade and industry, Trond Giske, is absolutely right. To invest in a little tourism here and there is not a good solution. People become confused, snow blind and led up the garden path by brand names.

But lets get back to the subject of culture. I don't know what more I can say other than what I have already said. And it goes on like this, year after year. Sogn og Fjordane does not exist, but they keep at it anyway.

¹ culture grannies: 'Kultukjerring', nickname attributed to middle aged female consumers of culture in a heated debate in Norway in 2011.